



Tilsynsutvalet i Vestland

Hardangervidda nasjonalpark

løyvehavarar

Dykkar ref.

Vår ref.

24/1880-4 /agny/24/30776

Arkiv:

FA-K01

Dato

23.10.2024

Retningslinjer for motorisert ferdsel innan Hardangervidda nasjonalpark - barmarksesongane 2024 - 2027

Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark (TUV) har i sak 021/24 delegert til sekretæren å tildele motorferdselløyver etter fylgjande punkt i § 4 i verneforskrifa for Hardangervidda nasjonalpark for barmarksesongane 2024 – 2027:

- Jegerar med gyldig jaktkort får inntil 2 landingar / 2 turar med traktor etter godkjende sleper for naudsynt transport i samband med storviltjakt, jfr. pkt.4.6.3.1.a / 4.6.3.1.b.
- Allmenningsbrukarar og private grunneigarar får 2 landingar / 2 turar med traktor etter godkjende sleper i samband med garnfiske over 50 garndøgn. Dei må ha løyst garnfiskekort. Der det er fleire søkjarar til same vatn og husvære, skal turane samordnast så langt det let seg gjera, jfr.pkt. 4.6.3.2.a / 4.6.3.2.c.
- Det kan gjevast løyve til bruk av båt med motor inntil 10 hk på vatn mindre enn 2 km² i samband med garnfiske, storviltjakt og landbruksverksemd, jfr. pkt.4.6.3.1 c, 4.6.3.2.d og 4.6.3.4.a.
- For transport i samband med gyldig byggjeløyve vert det tildelt inntil 10 landingar med helikopter dei 2 fyrste åra etter godkjent byggjeløyve. For tilsyn og vedlikehald av hytter/buer i barmarksesongen kan det tildelast inntil 2 landingar med fly/helikopter, jfr. pkt. 4.6.3.5.a.
- Eldre og uføre, som har lang og særskilt tilknytning til fjellområdet. Uføre må vurderast ut frå kvar enkelt søknad. Desse kan få inntil 4 landingar. (2 turar/retur), jfr. pkt. 4.6.3.5.d.
- Transport av utstyr og proviant samt i samband med slepp, tilsyn og sanking av beitedyr i fjellet får inntil 5 landingar pr. år. Desse vert gjeve som fleirårsløyve, jfr. pkt. 4.6.3.4.a.
- Transport av varer og utstyr til turisthyttene får inntil 10 landingar med helikopter og 10 turar/retur med traktor på godkjente sleper pr. år. Desse vert gjeve som fleirårsløyve, jfr. pkt. 4.6.3.3.c og d.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00

Kontakt oss:

tilsynsutvalet.hordaland@ullensvang.kommune.no
Sandvikevegen 11, 5780 Kinsarvik

- Alle hytteeigarar langs med Tinnhøvegen får inntil 10 turar/retur årleg. Dei får køyra fram til hyttene sine, og parkera ein bil ved hytta. Desse vert gjeve som fleirårsløyve, jfr. pkt. 4.6.3.5.c.
- Det vert gjeve løyve til inntil 5 landingar eller turar/retur transport i samband med forskning, jfr. pkt. 4.6.3.5.f.

Søknadar som ikkje er kurante, vert lagt fram for TUV i møte, eller i hastesaker avgjerast av leiar og leggast fram som melding i neste møte.

Løyve over fleire fylke vert gjeve av det tilsynsutvalet som er endemålet for turen, etter uttale frå dei andre fylka som turen gjeld. Innrapportering skal skje til det fylket som gav løyvet

Helsing

Anne Gerd Nysveen

KonsulentTilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark